

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.09.2024

Vår ref.: 202416033-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Overføringer Blådalsvassdraget (Grøningsbekken 2, bekk Urdabotn til Blåfalli III) i Kvinnherad og Etne kommuner, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Sunnhordaland kraftlag AS (SKL) om å få forlenga byggjefristen for overføringar i Blådalsvassdraget (Grøningsbekken 2, bekk Urdabotn til Blåfalli III) med fem år, til 20.09.2029. SKL fekk konsesjon til å overføre Grønnbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III kraftverk den 20.09.2019. Søknaden vert no send på høyring med høyringsfrist 01.11.2024.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om forlengd byggjefrist vert derfor berre send på høyring til Kvinnherad og Etne kommunar, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå SKL om løyve å forlengje byggjefristen for overføring av Grønnbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III kraftverk med fem år, til 20.09.2029. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9498/v. Informasjon om konsesjonen er tilgjengeleg på www.nve.no/7908/v.

Det følgjer av vilkårspost nr. 4 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, og fullføre bygging innan fem år til. NVE kan forlengje byggjefristen.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE skal vurdere om det har komme inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør bli forlengd. NVE ønskjer derfor tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan saka vart behandla i 2019. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli ramma av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9498/V)
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202416033 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202416033 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er:

01.11.2024

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med hilsen

Tord Solvang
senioringeniør

Martina Halhjem Grøttå
rådgivar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ETNE KOMMUNE
KVINNHERRAD KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS - Magne Andresen

